

Årsrapport for Strandebarm Sokneråd for året 2019

Medlemer i soknerådet fram til 1. nov 2019:

Anne Marie B Berge (leiar), Åse Sandnes Fosse (nestleiar), Olav Tombre (skrivar), Brita Kolltveit (kasserar), Torill Gjerde, Siv Ljones, Kristian Neteland, Anne Kristin Aasen Gjerstad og sokneprest Roar Strømme.

Varamedlemer: Gunn Bjørg Håland Thorbjørnsen, Vigdis Bru Haugarvoll, Linn-Jeaneth Strømmen, Ketil Karlsen, Lillian Hjartåker Fosse

Representantar i Kvam Kyrkjelege fellestråd:

Olav Tombre (vara er Brita Kolltveit) og Kristian Neteland (vara er Siv Ljones)

Medlemer i soknerådet frå 1. nov 2019:

Olav Tombre (leiar), Kåre Milje (nestleiar), Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Arne Gjerstad, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse og sokneprest Roar Strømme

Varamedlemmer: Inger Ljones Måkestad, Lillian Hjartåker Fosse, Lina Chandrike Berge, Siv Ljones, Alvhild Tveitnes

Representantar i Kvam Kyrkjelege fellestråd:

Olav Tombre (vara er Torunn Baldersheim) og Kåre Milje (vara er Arne Gjerstad)

Årsmøtet 2018 var etter gudstenesta søndag 16.mars. Leiar las opp årsrapporten og Brita Kolltveit la fram revidert rekneskap for 2018. Organisten understreka at orgelet har eit svært godt potensiale, men no er det ustabil og må reparerast. Pianoet i kyrkja har høg kvalitet og kyrkja er eit godt konsertlokale.

Det vart utveksla tankar om : «Kva vil vi med kyrkja vår?»

Soknerådet har hatt 8 møter og 64 saker er handsama.

Det var val på nytt sokneråd og bispedømmeråd 9.sept. På sokneråds-lista var det namn både på nye kandidatar og på folk som var med i det «gamle» soknerådet. Valkomiteen opplevde at mange syntes det var for lenge å binda seg for fire år i soknerådet.

For soknerådet vart det mykje arbeid med å organisera både det praktiske og det formelle i samband med valet. Sjølv gjennomføringa av valet gjekk greitt. Erfaringar var at svært få nytta høvet til å førehandsrøysta i Kyrkjelydshuset og at mange syntes det var vanskeleg å vita kva dei skulle stemma på ved bispedømmevalet. M.a. var det ikkje lett å oppfatta at nominasjonskomiteen si liste var arbeidd fram i kyrkja sine organ, og at det der var lagt vekt på å få balanse mellom ulike teologiske syn, geografi, kjønn og alder.

Litt frå årsstatistikken (2018 i parentes)

Gudstenester: 24 (25) På Strandebarmsheimen: 3 (2) gudstenester og 15 (16) andaktar.

Døypte: ? (13) Konfirmerte: 19 (13) Vigsel: 2 (4) Gravlagde: 8 (16)

Samla offer var kr. 56 871 (kr.62 443). Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr.14 073 (kr 13 950)

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenestene

Vanlegvis har det vore gudstenester annankvar søndag med fellesgudstenester for alle sokna i sommarmånadene. Tilsaman har over 2000 delteke.

På folketonemessa gjorde Songlaget og dyktige musikarar både på hardingfele og

trekkspel(toradar) dette til ei rik oppleving

2. pinsedag var det «pilgimsvandring» frå Haukås til Holsete. Soknerådet ynskjer å halda fram med dette.

Dåpssamtalar

Dei aller fleste borna i bygdene våre vert døypte i kyrkja. og presten har alltid samtale med foreldre på førehand. No er det ganske vanleg at nokre av konfirmantane ikkje er døypte som born og at dei ynskjer å bli døypte før konfirmasjonen.

Tiltak for born og ungdommar (trusopplæring)

For alle sokna i Kvam er det kateket og kyrkjelydspedagog som har ansvar og opplegg for ulike samlingar for born/unge. Før arrangementa vert det sendt invitasjon til dei som er medlemmer, men alle er sjølvstilt velkomne til å delta. Det er svært gledeleg at dei aller fleste i målgruppa møter opp på dei aktuelle arrangementa.

Babysong

Dette er for dei aller minste. I år har det ikkje vore i Strandebarm, men det vart sendt invitasjon til å vera med på babysong i Norheimsund og nokon har vore med der.

4-års bok

Borna fekk utdelt boka på gudstenesta 15.september. Det var svært godt oppmøte og gudstenesta var tilrettelagt for born, men samstundes fekk også vaksne noko å tyggja på. Veka før var borna og føresette med på ei samling i kyrkja/kyrkjelydshuset

Nye 1.klassingar

Måndag 17.juni var det samling i kyrkjelydshuset der fekk dei syngja, tenne lys, høyre bibelforteljing, ha ulike aktivitetar og felles måltid. Dei fekk utdelt boka der og var såleis ikkje med på ei gudsteneste.

Konfirmantarbeidet

Dei aller fleste 9.-klassingane frå Strandebarm og Tørvikbygd tek del i konfirmantarbeidet. Ca. to gongar i månaden har dei samlingar med presten og kateketen i kyrkjelydshuset . Konfirmantane har deltatt på fleire gudstenester. I samband med innsamlinga til Kirkens Nødhjelp (fasteaksjonen) gjorde dei (og mange foreldre) ein stor innsats. I påskehelga var dei fleste med på ein leir i Etne saman med mange andre konfirmantar.

Fest for konfirmantane med føresette

Soknerådet arrangerte denne festen etter samtalegudstenesta. Då var det Taco, kaker og litt underhaldning.

Konfirmantjubileet

Det var i midten av oktober. Kyrkjekontoret hjelper til med å finna namn på 50- 60-70-75-årsjubilantar. Dette året var det mindre oppmøte av 50-årsjubilantane. Mange uttrykkjer takksemnd for at soknerådet lagar til denne festen, men det nye soknerådet vart tilrådd å vurdera om dei hadde kapasitet til å halda fram med dette arrangementet som krev mykje arbeid på førehand.

Diakoniarbeid

På slutten av året vart det tilsett diakonmedarbeidar i eit 3-årig prosjekt. Ho har også teke del i konfirmantarbeid når det har vore behov for vikar. Alle sokneråda er representert i eit diakoniutval som skal vera til støtte og leggja til rette for diakonalt arbeid.

I Strandebarm sin *diakonalplan* står det at ein ynskjer «å skapa rom der menneske kan veksa i trua.» På mange områder er det lagt til rette for dette: Det sentrale i kristen tru er formidla til born og unge, til dåpsforeldre, til bebuarar på aldersheimen, på gudstenester i kyrkja og i samtalar med menneske. Ynskje om « trusopplæring for vaksne» på temakveldar eller samtalegrupper har det diverre ikkje vore dette året.

Kyrkjekaffi, temakveldar, konfirmantjubileum mm. har vore gode møteplassar for bygdefolk og er med på «å byggja fellesskap der alle kan kjenna at dei høyrer til»

Andre arrangement dette året

Prøysenkveld, Sjømannskyrkjefest og kulturkveld med Jimmy Øvredal hadde alle godt oppmøte.

Konsertar i kyrkja

Ein julekonsert med Laudamus og ein med Strandebarm Songlag

Kyrkjebygget og gravplassen

Våpenhuset er måla, og veggane er blitt mest mogleg lik på den opphavelige fargen frå 1876. Ute er dører på bårhuset er reparert og måla, ein del av kyrkjeveggane er vaska og måla og i tillegg er hovudinngangsdøra pussa og lakka. Mykje av dette arbeidet er gjort på dugnad. Soknerådet har tatt initiativ for å få opparbeidd ein grusa gangsti på kyrkjegarden og å få fjerna deler av kyrkjebenkar så det blir tenlege plassar for rullestolbrukarar.

Kyrkjelydshuset

I kyrkja sitt arbeid har huset vore brukt ca. 50 gongar. I tillegg har det også vore nytta til minnesamvær dåpsfestar, konfirmasjonsfest og samlingar i ulike lag/organisasjonar.

Kyrkjebladet

I mange år har Karen Matthissen har vore redaktør og lagt ned mykje arbeid. Ho slutta og Johannes Børshheim overtok. Diverre har det bare kome ut 2 nummer dette året.

Kyrkjeleg tilsette i 2019

Sokneprest i Strandebarm og Vikøy:	Roar Strømme
Sokneprest i Øystese og Ålvik:	Lars Arne Vik
Kyrkjeverje/dagleg leiar:	Olav Skeie Lid fram til 31. juli 2019. Vikar: Hans Soldal frå 1. august 2019 til 31. juli.

Sakshandsamar på kyrkjekontoret i Norheimsund:	Anne Kari Sørheim
Kyrkjetenar:	Monica Sørstrømmen Skogvoll. Vikar: Lillian Fosse
Organistar:	Margrete Lid Kjosås, Astrid Johanne Gjestvang
(organistvikar til 31.07.2019)	Sevinj Asgarova tilbake frå permisjon frå 1.8.2019
Kateket:	Mampion Andriamandimby (100%) Marna Roer i konfirmantarbeidet.
Kyrkjelydspedagog:	Solveig Lønning Sangolt (50%)
Diakonmedarbeidar:	Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland (50%)
Klokkar:	Lillian Fosse
Avdelingsleiar på kyrkjegarden:	Heine Ugletveit

Avslutning

Soknerådet har fått mange gode tilbakemeldingar på det arbeidet dei tilsette gjer i

trusopplæringa/konfirmantarbeid. Vi vil også takka for godt samarbeid med presten og alle dei tilsette, foreldre/føresette og med mange andre frivillige som har delteke på ulike måtar.

- Sjølv om talet på gudstenestedeltakarar har gått litt ned i høve til i fjor, er talet på gudstenestedeltakarar i høve til folketalet ikkje så verst. Utfordringa i Strandebarm er at det er måten få som tek del på dei «vanlege» gudstenestene, medan dei folkekyrkjelege festdagane samlar mange. Dette er ein svært oppteken av i soknerådet, og det er stor vilje til å arbeide med det.

- **Når det gjeld dåp.....**

- Der er ikkje noko barne og ungdomsarbeid i Strandebarm i soknet sin regi, men litt går føre seg på bedehusa, der soknet støyr opp om søndagsskulen.

- Oppslutnaden om konfirmantåret er god.

- Strandebarm har i aukande grad fått førespurnad om «turist»-vigslar, der paret ikkje har noko tilknytning Strandebarm, men gjerne vil viast i kyrkja der, grunna natur/kultur og høvelege feststader i nærleiken.

- Soknet sine kulturtilskipingar med låg, kyrkjeleg terskel har gjerne svært stor oppslutnad i Strandebarm, og samlar folk også frå resten av Kvam.

- Ved soknerådsvalet fekk ein til både god kontinuitet frå det gamle soknerådet, og god nyrekruttering til det nye

Soknerådet sitt ynskje er at folk skal kjenna seg heime i kyrkja og oppleve at

- der er det rom for alle

- der får ein lytta til song /musikk som kan gje ein noko som er ulikt det ein vanlegvis høyrer

- der får ein høyra gamle tekstar, om ulike menneske sitt forhold til kvarandre, om menneske sitt forhold til Gud og Guds forhold til menneske

- der får ein høyra på bønner som er nære, men også bønner som også får ein til å heva blikket

Og som oftast kan ein få seg ein kopp kaffi og slå av ein prat med bygdafolk etter gudstenesta.

Strandebarm, 8. mars 2020

Anne Marie Bogetveit Berge

leiar fram til 01.11.2019

Olav Tombre

leiar frå 01.11.2019

